

Stordal Alpin:

Fleire gode plasseringar frå renna i Gol og Hemsedal i helga

Stordal sin tropp under renna på Gol og Hemsedal i helga: Framme frå venstre: Ingrid Busengdal, Sander Grønningsøter og Vibeke Innselset. Bak frå venstre: Kristiane Nakken, Rebekka Helland, Kine Kvammen Tøsse og Andrea Vinje Tøsse.



Det var tøff konkurranse i renna, med deltakar frå heile Sør-Noreg. Det vart konkurrert i slalåm og storslalåm.

BB • EDMUND MELKILD

Under slalåmkonkurransen på Gol Skisenter på laurdag køyrde Andrea Vinje Tøsse inn til ein sterk femteplass, med Kristiane Nakken like bak, på ein sjuandeplass. Begge køyrer i klasse 12-13 år.

Storslalåm

Under søndagens storslalåmrenn som gjekk i Hemsedal, køyrde Ingrid Busengdal inn til ein sterk femteplass i klasse 14-15 år. Og i klasse 12-13 år for jenter, kunne Stordalalpinstane vise til ein sterk laginnsats. Vi viser her resultatata i klassane med lokale løparar.

Slalåm, Gol skisenter 16. januar. Jenter, 12-13 år

Nr. 1	Karoline Johansen	Rælingen Skiklubb	1.43.32
Nr. 2	Anne B. Ruud	Ål IL	1.43.42
Nr. 3	Krist H-Hansen	Bærums Skiklubb	1.43.88
Nr. 5	Andrea V. Tøsse	Stordal Alpin	1.45.67
Nr. 7	Kristiane Nakken	Stordal Alpin	1.47.16
Nr. 19	Rebekka Helland	Stordal Alpin	2.02.53
Nr. 25	Kine K. Tøsse	Stordal Alpin	2.17.83

Kine K. Tøsse var uheldig i første omgang, men køyrde ein god andre omgang.

I klasse 14-15 år køyrde

Ingrid Busengdal ut i første omgang, men fekk køyre andre omgang, og var då blant dei beste.



◀ Ingrid Busengdal køynde ned til ein glimrande femteplass i storslalåm i Hemsedal sist søndag.

▶ Andrea Vinje Tøsse kan sjå tilbake på ein sterk femte- og sjetteplass frå renna i Gol og Hemsedal (Alle foto Stordal Alpin, Magne Tøsse)

Storslalåm, Hemsedal 17. januar Jenter 12-13 år

Nr. 1	Frida R. Hauge	Rælingen Skiklubb	1.57.45
Nr. 2	Guro Hvammen	Heming IL	1.59.63
Nr. 3	Karoline Johansen	Rælingen Skiklubb	2.00.73
Nr. 6	Andrea V. Tøsse	Stordal Alpin	2.03.74
Nr. 8	Kristiane Nakken	Stordal Alpin	2.04.80
Nr. 10	Kine K. Tøsse	Stordal Alpin	2.07.24

Jenter 14-15 år

Nr. 1	Eirin L. Engeset	Spjelkavik IL	1.55.07
Nr. 2	Mie S. Munkelien	Ljan IF	1.56.07
Nr. 3	Vilde T. Wøien	Ingierkollen/Rustad	1.57.00
Nr. 5	Ingrid Busengdal	Stordal Alpin	1.57.85



I guteklassen var det berre Sander Grønningsøter i klasse 12-13 år som stilte til start for Stordal Han lukkast ikkje heilt denne gongen, og vart nr. 40 i slalåm og 38 i storslalåm. 2 av jentene i klasse 12-13 år, Rebekka Helland og Vibeke Innselset er begge 12 år, og kan køyre i same klasse neste år. Elles legg vi merke til Eirin Linnea Engeset frå Spjelkavik som vann klasse 14-15 år i storslalåm.